

Tusen takk for at eg fekk denne prisen. Det er utruleg stas at to grønne frisørsalongar, Balanzera og Floke, blir lagt merke til. lallefall når ein ser på tidlegare prisvinnarar. Ja, me er i godt selskap!

For meg har det alltid vore naturleg å skrive nynorsk, då det var det eg lærte på Kviteseid skule. Difor var det ikkje så mykje refleksjon over om eg skulle marknadsføre meg på nynorsk eller ikkje. Sjølv om den fyrste salongen min låg på Grünerløkka i Oslo. Faktisk har eg hatt mange kundar som har kome til oss nettopp fordi me brukar nynorsk i marknadsføringa vår.

Men er det ei som har inspirera meg til å vera så trufast mot nynorsken, så er det mamma. Då ho flytta til Oslo tidleg på 80-talet gjekk ho med button på jakka der det sto:

”Tal dialekt, skriv nynorsk!”

Så tenker eg me lar det vera siste ord.

Nok ein gong, tusen takk for prisen !

-Trude Lundevall, Balanzera.